

Sak: Forvaltningsplan for rovvilt i Nordland - Revisjon 2015 / 2016

Til: Øyvind Skogstad  
Fra: Mildrid Elvik Svoen

Kopi til:

Saksb.: Mildrid Elvik Svoen  
Tlf: 75531643  
Dato: 02.06.2016  
Sak: 2015/1959

Side 1 av 3

## Referat frå dialogmøte med Nordland reindriftsamers fylkeslag

**Tid:** Tirsdag 31. mai, kl. 10:00 – 12:15

**Stad:** Scandic Meyergården, Mo i Rana

**Til stades frå NRF:** Betty Kappfjell, Jon Anders Kuhmunen (arbeidsgruppa), Torstein Appfjell (arbeidsgruppa) og Nils Mathis Anti

**Til stades frå Fylkesmannen i Nordland:** Øyvind Skogstad (MVA) og Mildrid Elvik Svoen (LARA)

Øyvind Skogstad starta med ei orientering om framdriftsplan og rammer/politiske føringar for revisjonsarbeidet. Det ligg klare føringar for nemnda om å lage ein forvaltningsplan med grovare sonering og større samanhengande områder prioritert for rovvilt og beitenærинг, for å sikre betre forutsigbarheit i forvaltingspraksis, fordeling av FKT-midlar, osv.

Torstein Appfjell kom med eit innspel om at arbeidet begynner i feil ende. Politiske rammer med bestandsmål, erstatningsordning, byrdefordeling, mm., burde ligge til grunn for ein revisjon av forvaltningsplanen. Å utarbeide ein ny forvaltningsplan med så mange usikre faktorar for framtida vert å byrje i feil ende. Han ønskjer å utsette heile arbeidet med forvaltningsplanen til alle politiske rammer er på plass, og trur det vil danne eit betre grunnlag for å lage ein god plan. Fylkesmannen tek med innspelet tilbake til nemnda, men informerte om at nemnda har stort press på seg frå departementsnivå om å ferdigstille revisjonsarbeidet, og at det er lite sannsynleg med ei utsetting.

### Innspel til forvaltningsplanen

- NRF meiner at planen også må ta for seg problemstillinga med ørn. Øyvind informerte om at nemnda ikkje har anledning til å vedta prioriterte områder for kongeørn (ligg ikkje i deira myndigkeit), men at dei som del av forvaltningsplanen kan synleggjere problemstillingar knytt til kongeørna i Nordland, og i kva områder ørna skapar problem for

beitenæringane. Planen kan også sei noko om korleis ein ønskjer å prioritere FKT-midlar, mm., i samanheng med denne problemstillinga.

- Jerv: Gult område mot svenskegrensa mellom Røssvatnet og Susendalen i Fylkesmannens skisse til arealsonering vert lite brukt av reindrifta. I den grad det er reindrift i området er det svenske samebyar som brukar det. Dette området kan og bør vere blått (område prioritert for jerv).
- Lomsdal-Visten/Hundåla: Ein har ikkje lukkast med jerveuttak her over mange år. NRF spør om dette er tilfeldig, då dette er eit nasjonalparkområde. Fylkesmannen informerte om at vær, føre og prioritering av ressursar frå direktoratet spelar inn, men at det ikkje er noko kopling til verneområdegrenser når ein gjer vurderingar om gjennomføring av ekstraordinære uttak.
- Byrdefordeling for næringsutøvarane må vektleggast når ein fastset grenser og areal for soneringa. Kor mange rovdyr skal ein ha i ulike delar av områder prioritert for rovvilt?
- Skissa frå Fylkesmannen har så langt som mogleg prøvd å følgje naturlege barrierar for rovvilt (elver, dalføre, mm.). NRF støttar denne måten å tenke på.
- NRF lufta ideen om at ein kunne utfordra næringa på å definere kjerneområder innafor viktige beiteområder, t.d. mest sentrale kalvingsland, der terskel for uttak skal vere svært låg, og at ein i større grad kan tåle eit visst nærvær av jerv/andre rovdyr utanfor dette området. Det var diskutert kor vidt dette vil være mogleg å gjennomføre for utøvarane, då bruken av områder innafor eit årstidsbeite varierer frå år til år på grunn av vær, føre og andre faktorar.
- Det er viktig at SNO informerer næringa om dei mistenker jerveaktivitet og ynglingar i nærleiken av kalvingsland, slik at næringa kan vere merksam på dette og gjere nødvendige grep for å unngå tap.
- Bestandsregistering av gaupe er ei utfordring. Næringa meiner det er mørketall og for mange uregistrerte gauper i dag. Kystområda må ryddast for gaupe om dette skal vere prioritert beiteområde, slik at ein kan få ein frisk start i desse områda.
- Praksis med avstandsreglar for stadfesting av familiegrupper følgjer ikkje alltid logikk – t.d. registeringar på ulike sider av ein fjord er sannsynlegvis to familiegrupper, sjølv om dei er nært i tal på kilometer.
- NRF stiller spørsmål ved om det er realistisk å oppnå rovviltfrie områder på kysten, fordi det er vanskeleg å gjennomføre bestandsregistrering og uttak i desse områda.
- Fylkesmannen informerte om at revisjonsarbeidet også vil medføre at ein endrar grensene for jaktområder slik at dei samsvarer med sonering. For eksempel bør ein ha eigne jaktområder med eigne kvoter på kysten dersom disse områda skal prioriteras til beitedyr, slik at ein ikkje risikerer at jakta vert stansa på grunn av fellingar lenger inn i landet.
- Balvatn rbd må ikkje ofrast i forvaltingsplanen – den foreløpige skissa vil føre til ei avvikling i dette distriktet.

### **Konsekvensar av planen**

Øyvind gjekk gjennom moglege prinsipp for ei vurdering av konsekvensar av planen.

NRF meiner følgjande punkt bør inkluderast i ei konsekvensvurdering (ikkje uttømmande):

- Omfang av kalvingsland i prioritert jerveområde.
- Haustbeite eller haustwinterbeite innafor prioriterte gaupeområde. FKT-praksis må følgje opp dette og gje tilskot til tiltak haust/tidleg vinter om desse årstidsbeita ligg i prioriterte gaupeområde.
- Skeptisk til å legge for stor vekt på reintal og tal på utøvarar, jf. fare for at ein ofrar distrikt som Balvatn.

Referatet er sendt til gjennomlesing og godkjent av alle som var til stades på møtet.